

Meland kommune

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Formannskapet	10.06.2009	ANB	077/09

Avgjerd av: Formannskapet	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Anny Bastesen	ANB	N-561.0	09/1817

NOU 2009:3 PÅ SIKKER VEG - VURDERING AV EIT SJØLVSTENDIG ORGAN FOR TILSYN MED VEGINFRASTRUKTUREN. HØYRING.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.04.2009	Samferdselsdepartementet	NOU 2009:3 PÅ SIKKER VEG - HØYRING.

Saksutgreiing:

Regjeringa har i St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan 2010-2019* lagt fram eit mål om at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken skal reduserast med minst ein tredel innan 2020. Det er fleire tiltak som må vurderast i den samanhengen. Eitt av tiltaka regjeringa har vurdert, er å oppretta eit sjølvstendig tilsyn med veginfrastrukturen. Saka vart m.a. aktualisert etter raset i Hanekleivtunnelen på E 18 i Vestfold. Frå før har vi Biltilsynet m.o.t. køyretøy-kontroll, og Politiet m.o.t. trafikant-kontroll.

Eit offentleg utval har vore sett ned for å greie ut eit ev. nytt sjølvstendig tilsyn. Det går fram av NOU 2009:3 at fleirtalet i utvalet (7 medlemmer) rår til at dette tilsynet vert etablert, medan mindretalet (3 medlemmer) går mot. Likevel peiker utvalet samla på at det ikkje er ideelt å ha fleire statlege tilsyn på området. Samferdselsdepartementet ber derfor høyringsinstansane om ei vurdering. Innspel og kommentarar kan vera knytt til heile rapporten.

Vurdering:

Slik administrasjonen oppfattar det, handlar framlegget om å opprette eit uavhengig, statleg tilsyn som skal kontrollere andre statlege organ (Statens Vegvesen, ev. Vegdirektoratet).

Som det går fram av rapporten, er årsakene til trafikkulukker samansette, og vanskeleg å tolke. Men det er semje om at svært mange trafikkulukker kunne vore unngått med ein betre veginfrastruktur. Det er ikkje vanskeleg å slutte seg til denne konklusjonen.

At løysinga er å opprette eit nytt vegtilsyn, er ikkje like opplagt. Det vil krevje store ressursar å bygge opp og drifte eit slikt apparat, ressursar som heller kunne vore sett inn i vegsektoren. Statens vegvesen bør ha eit heilt klart og tydeleg ansvar for å setje trafikktryggleik i høgsetet, og regjeringa bør ha eit like klart ansvar for å setje av nødvendige ressursar.

Det er vanskeleg å sjå at eit nytt vegtilsyn vil vera det som skal til for å gjere trafikktryggleik meir synleg når planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av vegar vert debattert og finansiert.

Administrasjonen sluttar seg til mindretalet si tilråding om at ressursane ikkje vert sett inn i eit tiltak (nytt vegtilsyn) med usikker verknad for trafikktryggleiken. Ressursane bør heller nyttast på tiltak som har dokumenterte gode effektar. Trafikktryggleik som tema må inngå i dei transportpolitiske måla, når departement og Storting gjer sine prioriteringar.

Rapporten og konklusjonane kan lesast på <http://www.regjeringen.no>, klikk på NOU-er under "Dokumenter".

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Meland kommune støtter ikkje framlegget om å etablere eit nytt tilsyn på veginfrastrukturområdet. Som mindretalet i det offentlege utvalet påpeiker, kan ein ikkje sjå at det er påvist store rollekonfliktar innan Statens vegvesen sitt ansvarsområde. Eit nytt tilsyn vil måtta konkurrere med Statens vegvesen om den same knappe fagkompetansen, og det må leggjast mykje arbeid i å trekke opp nye faglege og ansvarsmessige grenser. Eit nytt tilsyn vil føre til auka byråkrati utan påviseleg verknad for trafikktryggleiken, og det vil samstundes redusere Statens vegvesen sitt sektoransvar.

Meland kommune meiner ansvaret for trafikktryggleiken må presiserast innafor det noverande apparatet, både fagleg og politisk. Ressursane må setjast inn i konkrete prosjekt på vegsektoren. Tilsynet på køyretøy og trafikant-området må oppretthaldast."

10.06.2009 FORMANNSKAPET

FS-077/09 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Meland kommune støtter ikkje framlegget om å etablere eit nytt tilsyn på veginfrastrukturområdet. Som mindretalet i det offentlege utvalet påpeiker, kan ein ikkje sjå at det er påvist store rollekonfliktar innan Statens vegvesen sitt ansvarsområde. Eit nytt tilsyn vil måtta konkurrere med Statens vegvesen om den same knappe fagkompetansen, og det må leggjast mykje arbeid i å trekke opp nye faglege og ansvarsmessige grenser. Eit nytt tilsyn vil føre til auka byråkrati utan påviseleg verknad for trafikktryggleiken, og det vil samstundes redusere Statens vegvesen sitt sektoransvar.

Meland kommune meiner ansvaret for trafikktryggleiken må presiserast innafor det noverande apparatet, både fagleg og politisk. Ressursane må setjast inn i konkrete prosjekt på vegsektoren. Tilsynet på køyretøy og trafikant-området må oppretthaldast."

Rett utskrift

Dato: 16.06.09

Randi Hilland

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsseksjonen
Komm.avd. for natur - næring og tekniske
tenester
Samferdselsdepartementet
Statens vegvesen Region vest